

Trygve Bjerkrheim – litt om hans liv og dikting

Av Erik Kjebekk

Trygve Bjerkrheim (1904 – 2001) er særleg kjent som diktar og som bladstyrar av misjonsbladet *Utsyn* frå 1936 til 1971. *Utsyn* som frå 1891 til 1936 heitte *Kineseren*, er hovudorganet for Norsk Luthersk Misjonssamband. Sjølv om Bjerkrheim som song- og salmediktar stod heile kristenfolket i Noreg nær, var han gjennom sitt yrkesaktive liv knytta til Misjonssambandet, ein misjonsorganisasjon som han frå unge år heilt ut identifiserte seg med.

Bjerkrheim redigerte *Utsyn* på ei dyktig måte, og skreiv leiarartiklar og små- og lange stykke om forskjellige emne som verkeleg vart lesne. Form og innhald i prosastykka viser ein forfattar som meistra faget sitt. Utan tvil vart Bjerkrheim høgt elska og skatta i dei 35 åra han var bladstyrar i *Utsyn*. Han var mild og fast på same tid, ein person som både meiningsfrendar og motstandarar såg opp til.

Personlege minne

Personleg vart eg godt kjent med Trygve i siste halvdel av 1980-talet. Då skreiv eg på hundreårsskriftet om Misjonssambandet. I den samanheng var eg ofte ein tur og gjesta Trygve i bustaden hans på Sinsen. Betre informant enn Trygve kunne eg ikkje få. Han hadde levd med i NLM si søge heilt tilbake til 1920-åra, ja før den tid også. Trygve sin informasjon kunne eg stole på. Det forstod eg når eg kunne kontrollere han opp mot skriftlege kjelder. Hans vurderingar av omdiskuterte saker var meg også til stor hjelp.

Ein gong frampå hausten 1990 hadde Trygve og eg bestemt oss for å take ein tur til heimstaden hans i Høland på Romerike. Eg hadde bil og Trygve viste vegen. Eg hadde ikkje vore der tidlegare. Då me nærma oss Høland, tok Trygve til å fortelje om folk som budde kringom på gardane, om Maudal-slekta som Thea, kona hans, kom frå, om då familien Abigael og Tønnes Bjerkrheim braut opp frå Bjerkreim og flytta til Høland, om tida han voks opp i og om folke- og kristenlivet i Høland. Gjett om eg tykte det var interessant? Eg gløymer det ikkje. Det var midt i kornskurden, hugsar eg. Storer skurtreskarar hausta avlinga. Det var flaum, då me var der. Så me måtte køyre ein omveg før me kom bort til den store Søndre Tøyen gard der Trygve voks opp og der han budde mykje i studietida. Og så kom me til Fredlund, småbruket Trygve kjøpte i 1930, og der Trygve sine foreldre budde etter at dei vart pensjonistar og overlet garden til neste generasjon.

Me kosa oss på Fredlund. Trygve fortalde om gamle dagar, fann fram mat og nynna og song. Litt hagearbeid gjorde me visstnok også før me sette oss i bilen og i kveldstillta køyrde bort til kyrkja. Der stansa me fyrst attmed grava til kona hans, Thea. På steinen hennar, og nå er også Trygve sitt namn der, står det sterke og malmfulle ordet: «Kristus vårt liv». Det same minneordet står også på steinen til Ragnhild og Ludvig Hope på Verstre Gravlund i Oslo. Ved ei av gravene eit lite stykke frå heldt ein eldre bøygd mann på å stelle plantene. Eg skjønna

Trygve kjente mannen, for han gjekk bort til han, helsa på han, heldt han på skuldra og talte med han. Mannen vart vel litt blyg då ein diktar som Trygve Bjerkrheim viste han slik merksemd. Men eg trur han i røynda setter stor pris på det. Då me rusla ned til grava til Trygve sine foreldre, sa Trygve til meg at den eldre mannen hadde vore ein dyktig gardbrukar, ein slitar, ein heidersmann. Like ved grava til Trygve sine foreldre stod ei eldre kvinne. Då ho såg Trygve, såg ho på han og sa: «Jeg har alltid sett så opp til Dem, Bjerkrheim.» Trygve smilte og takka for gode ord. Så gjekk me inn i kyrkje som stod open. Der inne var nokre amerikanarar som hadde røtene sine i Høland. Trygve talte med dei på engelsk, fortalte dei om kyrkja, bygda og om gamle dagar. Etter kvart sveipte samtalen også inn på at Trygve var salmediktar. Og då nemnde han særleg songen «Han tek ikkje glansen av livet». Ikkje nok med det, han song også for dei den engelske omsetjinga av «Han tek ikkje glansen av livet». Det var ei gild høgtidsstund i kyrkja for oss alle, ikkje minst for amerikanarane.

Lyrikken var hovudsaka i livskallet

Det er i boka *I regnbuene glans, Arne Prøis i samtale med Trygve Bjerkrheim*, at Bjerkrheim sjølv ser tilbake på livet og nemner i den samanheng at lyrikken har vore hovudsaka i kallet. Han fortel at han alt i åtteårsalderen begynte å pusle med pennen. Ei spesiell hending heime i Bjerkreim var med og vekte diktarkallet hos han. Eg siterer kva Trygve fortel til Arne Prøis:

– Smågutten stod alene utenfor hjemmet, oppe i Skaret. Jeg husker det var i skumringstimen.

Mens jeg stod der og så ut over fjell og lauvskoglier og hørte elvesusen, kom jeg til å tenke på noe som jeg hadde hørt far fortelle. Han nevnte navnene på «de store gutta» som skrev sanger og dikt og bøker: Bjørnson, Ibsen, Aasen, Sivle, Garborg og Vinje.

Det var da tanken kom til lille gutten: – Kanskje du også kan komme til å gjøre noe slikt? Og jeg følte det som noe underlig. Men merkeligere er det at dette barneminnet har fulgt meg gjennom hele livet. Jeg kommer ikkje utenom at jeg da fikk både et kall og et syn, ja, et livskall. Det er godt å vite at heller Bibelen er ukjent med tidlige kallelser.

Den «poetiske trangen» slapp meg siden aldri. Om lag tre-fire år senere stod jeg en kveld igjen ute i naturen, og igjen aldeles alene. Men denne gangen var det i mitt nye hjem på Østlandet, i en allé med kjempetrær. Da kom, mitt livs første vers:

*Det suser så sakte
i sommernattens trær,
og alt er så stille og lyst.
Og fantasien meg videre bær*

*til et land
der alt er så lyst.*

Det var det hele. Og lenge var jeg skamfull over denne min poetiske første grøde. Den var lovlig enkel, og «fantasien» lot seg også diskutere. Likevel så det dagens lys, men det gikk drøyt 50 år før jeg våget å vedkjenne meg verset. Jeg siterte det i et festskrift til min 70-årsdag. Da kunne jeg vedgå at en ikke kunne vente så stor lyrisk ferdighet av en smågutt. Men disse enkle linjer inneholder merkelig nok to toner som skulle bli hans hovedtoner: - Naturen og den kommande verden. De har legget i meg helt fra starten. De skulle bare modnes, vekkes og forløses.

Naturlyrikar

Før Trygve Bjerkrheim utgav si fyrste diktsamling *Landet og Lyset*, då han var 41 år gamal, hadde han skrivt kvad i mange år. Nokre av desse publiserte han i *Utsyn* og andre blar. Han skreiv også den store kantaten til Kinamisjonsforbundet (Misjonssambandet) sitt femtiårsjubileum i 1941. *Gud byggjer eit rike heiter den*. I 1945 kom så den første diktsamlinga *Landet og lyset* på *Gry Forlag* med føreord av sjølvaste «høyfjelllets dikter» Theodor Caspari. Han skriv:

Eg har med glede lest herr Trygve Bjerkrheims diktsamling – formentlig et debutarbeid – og ser i ham en lovende naturlyriker, en dikter som med varm henførelse og betydelige vingefang flyr hen over «sollandet Norge» og gjennomgående vet å gi stemningsfulle bilder fra landets herlige natur.

Det største fortrin ved hans lyrikk er hans umiddelbarhet. Lik trekkfuglen, som en vårdag stryker hen over tretoppene, synger han på sitt klingende landsmål, fordi han må synge sin fryd over sitt fedrelands fagre natur ut. Han kan ikke annet å takke Gud som har gitt ham et så fagert land.

Og over verseformen råder han med letthet og forstår godt å variere rytmen. Og med været på sine mange reiser synes han å ha vært svært heldig. Til alle årstider ligger landet foran ham «badet i sol». Hans himmel er gjennomgående skyfri. Og alltid reiser han på «solsiden av dalen». «Baklia» (Eitt av dikta heiter «Baklia») med sitt karrige jordsmonn, sin solfattige, stenete muld – hører man mindre om. Men den vil nok komme med, den også, når forfatteren har levd seg helt inn i norsk natur.

Skjønt hans dikt er naturstemninger, tar han dog alt i ett menneskene – bøndene, arbeiderne, de tusen hjem – med. Alltid lar han kristendommens sol flomme inn over norsk bygdelig, og han vil nok med tid og stund vite å kaste søkelyset over svakhetene ved det norske folkelynnnet også.

Caspari såg altså i Trygve Bjerkrheim «en lovende naturlyriker». Og rektor Kaare Osnes peikar på at «alt i den først diktsamlingen viser han stor fortrolighet med lyrikkens regler for rim og rytme. Han leker med bokstavstavrim (hør s-ene i verselinjen: «Og so kjem soli, stråleskir og stor») og med andre lyriske virkemidler. – Det norske folkemåls rike ordtilfang

med dets nyansemuligheter har han vist å utnytte i sin kultiverte nynorske språkform. Han er blitt kalt en formens mester.»

Trygve Bjerkrheim utgav fleire bøker med naturlyrikk. Eg nemner berre: *Song under stjernene* kom i 1955, *Det gode år* i 1959, *Lysande land* i 1965, *Enn bankar mitt hjarta* i 1968, *Landert der nordlyset leikar* i 1970. Også i *Songar frå Solrenningslandet* (1966), som han utgav etter eit opphald i Japan, høyrer med til naturlyrikken. Caspari etterlyste meir av «baklia» i Trygve Bjerkrheims naturlyrikk. «Hans himmel er gjennomgående skyfri», skreiv Caspari, som meinte at dette ville kome med når «forfatteren har levd seg helt inn i norsk natur. Med tid og stund vil han måtte «kaste søkelyset over svakhetene ved det norske folkelynnet også». Men i ettertid må me konstatere at denne sida ved naturen og folkelynnet finn me lite av i heile Bjerkrheims produksjon. Det er det lyse og det vakre som set sitt preg på hans naturlyrikk. Kvadet *Landet* kan stå som døme på dette:

*Eit syn som ei lys openberring
er sollandet Noreg om vår,
når heggen og hagane blømer
og lufti er æterklår.*

*Og yndigt er daglandet Noreg
ein sumar når livet held fest
og solluft om skogane strøymer
og dagen gjeng langt mot vest.*

*Og fagert er haustlandet Noreg
når livet sin farge er gull
og liene gulnar og gløder
og skogen av bær er full.*

*Og når eg ser snølandet stiga
i sol-tvunne, lysande lin
– ved dag og i stjernenetter –
då lovar eg Herren min. – –*

Me som kjende Trygve Bjerkrheim vil seie at det er hans personlege varme, godhug og kjærleik som avspeglar seg i den lyse naturlyrikken hans.

Ofte endar kvada i ei eller to strofer der lyrikaren bruker naturen som bilete på åndelege verdiar og lærdomar. I diktet *Vårvinna* der han i poetisk form skildrar livet om våren og den travle tida for bonden, dreg han ut denne åndelege lærdomen:

*Gud signe dykk som trutt må streva!
Dei sår, men Herren må vokster gjeva.*

*Det gode såd han i hjarto sår,
å, må det mognast til livsens vår.*

Dermed endar også dette kvadet med orda om «livsens vår» i himmelen hos Gud, der så mange av dikta til Bjerkrheim endar.

Store bibelske diktsyklusar

Sentralt i forfattarskapen til Trygve Bjerkrheim står dei storslåtte bibelske diktsyklusane. I 1953 kom *Stormfuglen*, der han i poetisk drakt skildrar profeten Elia. I 1964 kom *David*. I 1976 utgav han sitt desidert største diktverk, *Kristuskvadet*. Inspirasjonen til denne skildringa av Jesu liv i verseform fekk Trygve då han var i Japan i 1965/66 som lærar ved bibel- og forstandarskulen i Kobe. Ein dag inviterte hans gode ven og Noregs-venen i det heile, Kenzo Aibara, Trygve med for å sjå den store Kristus-filmen *The Greatest story ever Told*. Nokre av scenene i filmen greip Bjerkrheim spesielt sterkt. Og så kom tanken til han – og no siterer eg direkte kva Trygve fortel:

Enn om du freista å skildra Jesu liv på same måten som Elia's og David's? Eg kunne i alle fall gjera ein freistnad. Og alt tilbake til Kobe, i lag med Aibara, tok eg til. Eg tenkte ikkje stort på at det var eit svært lerret å bleika. – Arbeidet var «stort og vidløftig», og det var ikkje alltid so mykje tid til å driva på med det. Det kunne gå lange bolkar millom kvar gong det var arbeidt med stoffet. Difor kjem denne boki først no, elleve år etter, – og etter ikkje so lite tvil om eg skulle våga meg til å gjeva henne ut.

Planen hev heile tidi vore å ha med ALT om Jesu liv, heile livsgangen, slik han er skildra i dei fire evangelie-skriftene. Desse er so å seia smelta saman til eit heile. Slik hev alle detaljar og nyansar kome med. Me hev soleis her – truleg for første gong – ein so kalla evangelie-harmoni i bunden form. På denne måte ville me få heilskapen og oversynet.

Trygve Bjerkrheim skreiv fleire kantatar, mellom anna påske- og julekantatar. Men i denne vesle oversikten over hans dikting kan eg ikkje kome noko meir inn på dei. Også prosabøkene hans må eg gå forbi. Eg nemner berre hans verdfulle kommentar til dei to Petersbrevane som etter mi meining ein av dei beste kommentarane i den store kommentarserien som Luther- og Lunde Forlag gav ut.

Frigjeringa i Kristus

Som songforfattar og salmediktar når Trygve etter mi meining djupast og lengst når han skriv om Jesu soningsdød for våre synder. Tenk på kvadet *Takk at du bar mine byrder*. Denne salmen på berre tre strofer er no i 30 til 40 år sunge kring i heimar, kyrkjer og bedehus og nynna på i kvardagen av mange truande kristne. Trygve fortel at han skreiv songen etter at han hadde høyrte ein morgonandakt av sokneprest Georg Johnsen som tala over Jes 53:

*Takk at du bar mine byrder
eit høg fjell av skuld og skam!
Du bar det på skuldrene dine,
du skuldlaus sonofferlam.*

*Takk at du bar mine synder,
betalte mi skyhøge skuld,
med blod frå ditt fullkomne hjarta
og ikkje med sylv eller gull!*

*So vil ved korset eg standa.
Med undring eg ser: Eg er fri!
Eg skal ikkje døy; eg skal leva
med Jesus til æveleg tid.*

Den skuldfrie bar straffa for den skuldige. Jesus var det skuldlaus offerlammet som ved si lidning og død gjorde opp for vår botnlause gjeld hos Gud. Fordi Jesus betalte vår gjeld, er me kjøpte frie, åndeleg tala.

At Jesus gjekk den tunge lidingsvegen i vår stad, vart vår stedfortredar og opna vegen like til Gud, kjem også sterkt til uttrykk i songen *Jesus gjelder i mitt sted*:

*Jesus gjelder i mitt sted.
Det er all min glede.
Salighet og liv og fred
er i ham til stede.*

*Jesus gjelder i mitt sted.
Det er ankergrunnen.
Mine synders straff han led,
drakk min kalk til bunnen.*

*Jesus gjelder i mitt sted.
All hans arv jeg eier,
hele hans rettferdighet
og hans store seier.*

*Jesus gjelder i mitt sted.
Fritt jeg fram tør trede,
falle for Guds åsyn ned,
takke og tilbede.*

*Jesus gjelder i sted
for den hvite trone.*

*Derfor skal i evighet
takken til ham tone*

Dei sterke evangeliske uttrykka i denne songen viser oss at Trygve står i ein luthersk/roseniansk tradisjon. Han fortel sjølv at han skreiv denne songen med bakgrunn i ei setning Øivind Andersen hadde skrive i boka *Livets brød*. Øivind var Trygves studiekamerat og kollega på Fjellhaug i mange år. Det luthersk/rosenianske kristendomssynet var sterkt i all Øivinds undervisning, forkynning og forfattarskap. Ja, Øivind Andersen står som ein av dei fremste representantar for rosenianismen i landet vårt.

I ein artikkel i *Norsk Biografisk Leksikon* skriv Anne Kristine Aasmundtveit mellom anna fylgjande om form og innhald i Trygve sine dikt:

Innholdsmessig og stilistisk er det enkeltheten i diktene som er blant de mest karakteristiske trekkene ved dem. Bjerkrheim skriver for å bli forstått. Han bruker enkle, hverdagslige bilder og symboler, skriver på rim og tradisjonelt vis og har et klart kristent budskap i diktene sine. Dogmatikken er et sentralt redskap for å tolke det kristne livet, og diktene er bekreftende i den forstand at de skaper en gjenkjennelse av allmenne kristne troserfaringer hos mottaker. De uttrykker den teologiske arven fra pietismen og rosenianismen, som betoner nødvendigheten av den enkeltes omvendelse og det personlige forholdet til Gud. De befinner seg innen en tradisjonell, lavkirkelig vekkelseskristendom som er luthersk og konservativ. Sangene har en tematisk vektlegging av tryggheten og gleden over å være et Guds barn. Også i den andelen av diktene som heller i nasjonal- og naturlyrisk retning, slår den trygge, kristne og livsbejaende grunnholdning igjennom.

Aasmundtveit meiner Bjerkrheim «står i en tradisjon med trosmessige og litterære forbilder i anglo-amerikansk vekkelse, representert ved bl.a. Charles Wesley, William Booth og Fanny Crosby, og svensk vekkelse, representert ved bl.a. C.O. Rosenius og Lina Sandell-Berg». Når det gjeld dei to sistnemnde svenske songforfattarane, er Bjerkrheim både i form og innhald påverka av dei. Bibelens bodskap med luthersk/roseniansk vektlegging på Ordet åleine, Kristus åleine, nåden åleine og trua åleine set fyrst og fremst sitt merke på kvada til Trygve. Dessutan er kallet til frelse sterkt hos han, mellom anna i songen *Bli med bli med til livet*. Det er vekkingsarven frå lekmannsrørsla som slik også set sitt preg på diktinga hans.

Nemnast må også hans mange misjonssongar. Bjerkrheim hadde eit stort og varmt hjarta for misjonen. Her nemner eg berre:

*Gjer Kristus kjend for verdens millionar!
Dei må få høyra livsens dyre ord.
For einast han legg solskin over vegen.
og einast han gjev vårliv på vår jord.*

Bjerkrheim ein produktiv forfattar.

Anne Kristin Aasmundtveit har utan tvil rett når ho skriv at «Bjerkrheim er en folkelig kristen lyriker og nynorskdikter som ikke er blitt anerkjent av det litterære miljøet i Norge, bl.a. har hans diktsamlinger aldri kommet inn under offentlig innkjøpningsordning». Men så legg ho til at «han er verdsatt av et bredt publikum». I 1989 fekk han kulturprisen for Bjerkreim og i 1999 vart han etter avstemming mellom innbuarane i Bjerkreim kåra til «århundrets bjerkreimbu». Han fekk også kongens fortanestemedalje i gull for diktinga si.

Trygve Bjerkrheim skreiv mange diktverk og prosabøker som eg her ikkje kan gje ein nærare omtale. Han hadde ein uvanleg stor produksjon av dikt eller kvad, truleg for stor. Han har visstnok skrive bortimot 15 000 kvad. Det seier seg sjølv at med ein så stor produksjon er langtfrå alle kvada av like god kvalitet. Men ein del er glimrande. Tenk berre på *Det er makt i de foldede hender*, *Han tek ikkje glansen av livet*, *Det strøymmer ei livselv av lukka*, *Takk at du tok mine byrder* og mange, mange andre. Det er visstnok sett melodiar til mellom fire- og fem hundre av Bjerkrheim sine kvad. Nokre av dei er også omsette til engelsk og tysk.

I 1983-utgåva av *Sangboken Syng for Herren* er Bjerkrheim representert med over 90 eigenproduserte songar og omsetjingar av songar. *Norsk Salmebok* frå 1984 har tre eigne og sju omsette salmar av Bjerkrheim. I *Salmar 1997* finn me tre eigne og to omsette salmar. Gledelig er det at i *Norsk Salmebok 1913* er Bjerkrheim representert med fem eigne og ni omsette tekstar. Anne Kristin Aasmundtveit har heilt sikkert rett når ho skriv at «det er som sangdikter at Bjerkrheim har sin styrke. Han vil bli stående som 1900-tallets store kristelige sangforfatter i Norge.»

Kåseri på Kvitsund Bibelcamp – TB-songhelg 12.07.2014